

# ***SVEUM NEDRE***



***Av Knut Raastad, skrivi i 2004***

*Sveum ligg i Nordherad ovanfor Høgberget og Midtliskulen. Det skal ha vore Jehans Vetlesæter som tok til på ner-Sveum. Johannes Amundsen 1799-1865 vart i 1846 gift med Kari Iversdotter Moshuset eller u. Berge f. 1826. Ved fødsel i 1848 er dei nemnde på Sveum, så dei kan ha starta der etter at dei gifta seg i 1846. Det var enkja som fekk feste på plassen i 1872 og som i 1875 og 1878 er oppgjeve som brukar. Jehans og Kari hadde barna*

*Ragnhild f. 1843, gift med Hans Andersen Lysåker 1842-1910, på Høgberget*

*Amund 1845-1897, neste brukar*

*Kari f. 1848, gift med Petter Dalen, i Ulsbustugu*

*Iver f. 1851, til Blanchard i Amerika i 1883*

*Mari f. 1855*

*Ole f. 1859, skreddar i 1875*

*Amund som bl.a. er nemnd som knappstøypar, var gift med Sigrid Olsdotter Steindalen Raastadeie 1845-1881. Dei hadde barna*

*Anne 1867-1879*

*Johannes 1874-1948, neste brukar*

*Ole f. 1876*

*Anton 1880-1881*

*Amund vart i 1888 oppattgift med Ingeborg Østensdotter f. 1861, dotter til Østen Sande og Mari f. Grev (Mari oppatt gift med Ivar Vetlesæter). Amund og Ingeborg hadde sonen*

*Østen f. 1888, etter at mora døydde vart han oppale i Grev, reiste seinare til Amerika*

*Johannes Amundsen fekk feste på Sveum i 1898. I 1921 vart Sveum nedre skyldsett, den delen som låg i bygdealmeningen fekk gnr. 78 bnr. 6 og vart overskjøta frå bygdealmeninga til Johannes Sveum for kr 80,-. Den delen som låg i statsalmeninga fekk gnr. 78 bnr. 5 og Johannes fekk kongeleg skjøte for kr 500,-. Johannes vart i 1898 gift med Kari Gjelbakken 1869-1951, dei hadde barna*

*Amund 1899-1981, neste brukar*

*Per 1902-1934*

*Sigrid, gift med Pål Runningen*

*Elias 1908-1996, gift med Marit Sagrusten f. 1915, i Moshuset*

*Ola*

*Amund tok over i 1942 etter faren. Han vart i 1942 gift med Ragnhild Johansen f. 1913, det er ho som eig bruket i dag. Amund og Ragnhild fekk barna*

*Jorunn f. 1944, gift med Yngve Kleiven*

*Anne f. 1945*

*Kari f. 1947*

*Reidun f. 1950, gift med Steinar Aarnes*

*I 1865 var det 3 geit på Ner-Sveum, medan det ti år etter ikkje var kreaturhald. Det vart sådd 1/8 tønne bygg i 1875.*

*Kjelder: Norske Gardsbruk 1953 1997*

*P.Ø.Kvarberg: Slekter i Vågå og Lom 2000, s. 131*

*Folketelling 1865, 1875, 1900*

*Panteregister*

*Gudbrandsdalskommisjonens indberetning 1882*

*Utskrifter Kyrkjebok for Vågå*

*Festekontrakter*

*Ragnhild Aabakken: munnleg fortald*